

Møtereferat

Dato: 27.04.2016

Emne:	Referat frå møte om reisebestilling, bruk av Via Egencia		
Til stades:	Merete Reksten, Jørn Oftedal, Hanne-Brit Iversen, Arnulf Henriksen, Kari Vik, Guro Strand, Ronny Skaar og Charlotte Espeland.		
Forfall:			Sak: 2016/2594-10
Møtetid:	6. april, kl. 09.00-10.00	Møtestad: Møterom i 7. etg. i fylkesbygget	

Møteleiar: Ronny Skaar

Referent: Charlotte Espeland

VIA EGENCIA

Døme på problemstillingar:

- Presentasjon av ein sak der vi ikkje fekk svar på to veker.
- Når vi bestiller hotell og legg til namn på produksjon, kjem berre dei tre første bokstavane med.
- Tog kjem ikkje med på oversikten.
- Vel ein e-faktura går lekevel faktura til reisebyrået, som deretter fakturerer oss.

Merete Reksten informerte om at vi er ikkje bunden til å nytte reisebyrået. Vårt tilfelle er såpass spesielt at vi kan gå utanom avtalen. Det er tre måter vi kan bestille på;

- Bestille heile reisa gjennom Via Egencia.
- Bestille enkeltreise gjennom Via Egencia.
- Sjølve bestille kvart hotell.

Bestiller vi ein reise utanfor avtalen, blir det meir arbeid for Via Egencia, og det blir då behandla som ein gruppereise, noko som igjen betyr at vi må betale gebyr.

Merete tar med seg våre problemstillingar og innspel vidare til Via Egencia, og gjer tilbakemelding til Ronny når ho har hatt møte med dei.

Konklusjon:

- Vi er teknisk sett ikkje pålagt å nytte Via Egencia. Ronny ønskjer likevel at vi gjer det. Oppstår det problem, tar vi det med Merete.
- Merete bestiller eit websinar for vårt team med Via Egencia.

AVIS

Problemstillingar:

- Vi får alltid to fakturaer; ein på bruk og ein på bompengar. Må det vera sånn?
- Kan ein også få inn eit felt for skiltfargen?
- Når til eksempel Arnulf hentar ut bilen, er det hans namn som står på fakturaen, og ikkje namnet på den som skal nytte bilen på turné. Kan ein gjere noko med dette?

Merete tar med seg våre innspel vidare til AVIS.